

# KOMPETANSEPLAN NKR - BARNEHAGE

## Regional ordning for kompetanseutvikling barnehage - REKOMP

### Haugen barnehage

- Kartlegging

Kva kartleggingsverktøy har vore nytta? Grunngjeving for val av verktøy. Vi har nytta UDIR sin Ståstadsanalyse. Kort responstid og den var tilgjengeleg. Kartlegging over pedagogane sin kompetanse. Uttalt behov i pedagog gruppa auka kompetanse på leiing og rettleiing

- Forankring

Korleis er kompetanseplanen forankra? Kven har delteke i arbeidet og prosessen? Referat? For Haugen barnehage som er ein kommunal barnehage er der ein felles kompetanseplan for dei tre kommunale barnehagane. Hovudsatsingane er kommunale føringar som satsing på DUÅ og språk. Barnehagen har arbeid med å implementerer den nye rammeplanen frå den kom, Ståstadsanalysen gir oss ein peikepinn på at vi har framleis eit stykke arbeid før den er godt implementert. Pedagogiske leiarar har vurdert ut frå si avdeling korleis det blir arbeid med rammenplanen.

- Identifisert behov

Kva kompetanseutviklingsbehov har de identifisert i dykkar barnehage? Prioriter dersom fleire. Prioriter dersom fleire. Pri.1. kompetanse på leiing og rettleiing for pedagogane i barnhagen. Pri.2 mengd, rom og form, Pri. 3. digital kompetanse Kartlegginga syner et behov for kompetanse på digital kompetanse og mengd, rom og form. Den syner også eit behov for kompetanse på leiing og rettleiing for pedagogane i barnhagen.

- Argumentasjon for behovet

Kva argument meinar de kommunen og regionen skal vektlegge når ein skal prioritere dette/desse kompetansutviklingstiltaket/-a. Kursing fører ikkje nødvendigvis til auka kompetanse hjå personalet. Det som fører til auka kompetanse, er det å kunne ta i bruk kunnskapen ein har og reflektere og evaluere saman. Dette er ikkje rom for i kvarldagen, og personalmøter dette barnehageåret er «låst» til arbeid med Språkløyper . IKT og digital kompetanse er ei satsing i kommunen og barnehagen vil få dekka sine behov for kompetanseutvikling gjennom dette prosjektet når det startar.Tal, rom og form. Her har barnehagen eit utviklingspotensiale. På grunn av fleire satsingar i kommunen (sosial kompetanse, språk og digital kompetanse), må ei eventuell satsing passa saman med desse satsingane og passa

tidsmessig i forhold til arbeidsmengde. Leiing og rettleiingskompetanse for pedagogane. Berre ei av pedagogane våre, i tillegg til styrar, har vidareutdanning og formell kompetanse i forhold til leiing og rettleiing. På 10 stp.

Stad/dato: Isdalstø 2/11-18

Styrar i Kate E. Klementsen Haugen barnehage